



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 09.12.2013

---

**Sak nr.:** 13/7601-2

**Internt l.nr.** 39543/13

**Sak:** 131/13

**Tittel:** Høyringsuttale - Reduksjon i amortiseringstida for premieavvik

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at ordninga med amortisering av premieavvik bør avviklast, alternativt ha kortast mogleg amortiseringstid.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at ein eventuell statleg kompensasjon av auka pensjonskostnader i kommunesektoren må fordelast rettferdig mellom alle kommunar/fylkeskommunar uavhengig av kva amortiseringsordning den enkelte kommune/fylkeskommune har valt.

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge  
Avdeling: Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 13/7601-1

---

## Høyringsuttale - Reduksjon i amortiseringstida for premieavvik

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje ein slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at ordninga med amortisering av premieavvik bør avviklast, alternativt ha kortast mogleg amortiseringstid.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at ein eventuell statleg kompensasjon av auka pensjonskostnader i kommunesektoren må fordelast rettferdig mellom alle kommunar/fylkeskommunar uavhengig av kva amortiseringsordning den enkelte kommune/fylkeskommune har valt.

### Vedlegg:

1. Brev frå Kommunal- og Regionaldepartementet, 19.09.2013

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har i brev av 19.09.2013 invitert til høyring angående reduksjon i amortiseringstida for premieavvik. Brevet følgjer som vedlegg 1.

Amortiseringstida for premieavvik vert føreslått redusert frå 10 år, til alternativt 7 eller 5 år.

Fylkesrådmannen er av den oppfatning at heile ordninga med amortiseringstid for premieavvik bør avviklast, alternativt bør det leggst opp til kortast mogleg amortiseringstid. Fylkesrådmannen meiner ordninga er i strid med arbeidskapitalprinsippet og at ordninga bryt med eit finansielt orientert kommunerekneskap. Dagens ordning med amortisering av premieavvik er etter fylkesrådmannen sitt syn også utfordrande for å skape eit godt grunnlag for politiske avgjersler. Sidan ordninga vart innført har kommunane vore på ein stigande pensjonsutgiftskurve. Svært forenkla kan ein seie at dette har medført at ein skyv føre seg «pensjonsgjeld», og netto driftsresultat framstår betre enn det faktisk er. Ei ordning der betalt premie kjem fram som kostnad i rekneskapen vil etter fylkesrådmannen si oppfatning gje eit klårare bilete på kva politisk leing har av handlingsrom.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan ordninga med premieavvik vart innført amortisert premieavviket over eitt år. Dette vart valt politisk. Grunnlaget for valet var at vi ville unngå å skyve «pensjonsgjeld» fram i tid for å skape større handlingsrom på kort sikt. Samanlikna med andre kommunar/fylkeskommunar har Sogn og Fjordane fylkeskommune difor fått ein høgare relativ pensjonskostnad enn dei som valde ordninga med amortisering på 15 år, og seinare 10 år. Men vi har på den andre sida ikkje opparbeida oss den same rekneskapsmessige gjelda. Ein direkte konsekvens av ordninga slik den har utvikla seg, er at dei kommunane som har teke premieavviksgjelda etter kvart som den har oppstått, også har fått eit meir avgrensa handlingsrom til resten av budsjettet.

Ein reduksjon i amortiseringstida vil som nemnt i høyringsbrevet føre til innstramming i kommuneøkonomien. Det vert frå ulike hald stilt spørsmål ved om kommunane kan klare å handtere innstramminga utan at dei kommunale tenestene vert betydeleg redusert. Auka kostnader til pensjon er ei felles utfordring, og fritt val av amortiseringstid har ført til ein situasjon der nokre kommunar har teke den auka pensjonsbelastninga årleg, mens andre kommunar har valt å skyve føre seg ein del av kostnadane i rekneskapen.

Fylkesrådmannen meiner at det er svært viktig å alt no få fram at dersom staten vel å kompensere for den kraftige auken i pensjonskostnader i kommunesektoren, må dette kome alle kommunane/fylkeskommunane til gode. Dette må gjerast uavhengig av kor mykje amortisert premieavvik den enkelte kommune har opparbeida seg. Det vil då vere naturleg å gje kompensasjonen som frie inntekter.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå fylkesutvalet å legge vekt på følgjande i sin høyringsuttale:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at ordninga med amortisering av premieavvik bør avviklast, alternativt ha kortast mogleg amortiseringstid.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at ein eventuell statleg kompensasjon av auka pensjonskostnader i kommunesektoren må fordelast rettferdig mellom alle kommunar/fylkeskommunar uavhengig av kva amortiseringsordning den enkelte kommune/fylkeskommune har valt.